



Advokatene Ommundsen & Co v/Knut Grini  
Jacob Kjødnes veg 15  
5232 PARADIS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/3059 - 19/12500

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
24.04.2019

## Avslag på søknad om redusert sakshandsamingsgebyr - gbnr 18/7 Toft

**Administrativt vedtak:** Saknr: 236/19

**Tiltakshavar:** Advokatene Ommundsen & Co  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-4.

### SAKSUTGREIING

Saka gjeld søknad om redusert gebyr i samband med søknad om frådelling av ny grunneigedom, jf. søknad journalført mottatt 01.04.2019.

Det vart gjeve avslag på søknad om frådelling av ny grunneigedom i administrativt vedtak saknr. 074/18 datert 26.02.2018. Saka omfattar søknad om dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen og plan- og bygningslova § 1-8 i tillegg til søknad om frådelling, jf. pbl § 20-1 bokstav m).

I samsvar med Lindås kommune sin gebyrforskrift for 2017 vart det fakturert følgjande gebyr:

Søknadspåttige tiltak		Gebyr		
Kode	Skildring	Tal	Sats	Sum
9.1.2	Dispensasjon frå arealføremål i plan og pbl § 1-8	2	Kr 9 500,-	Kr 19 000,-
11.1.3	Deling som ikkje er i samsvar med arealføremål	1	Kr 8 800,-	Kr 8 800,-
	<b>Totalt gebyr å betala:</b>			<b>Kr 27 800,-</b>

I søknad om redusert gebyr står det:



«Jeg viser til faktura fra Lindås kommune av 08.03.2018, hvorved ovennevnte eiendom ble ilagt tre gebyrer med til sammen kr 27 800,-.

Gebyrileggelsen ble påklaget med den begrunnelse at det ikke er grunnlag for å kreve gebyr for flere dispensasjonssøknader, dersom kommune på grunnlag av manglende dispensasjon for ett forhold ikke behandler de øvrige søknader.

Kommunen sendte klagen til fylkesmannen, som den 21.06.2018 avviste klagen med den begrunnelse at kommunens vedtak ikke var et enkeltvedtak.

Fylkesmannen påpekte imidlertid at:

*«Me gjer merksam på at etter kommunens gebyrregulativ er det ikkje noko føresegn som opnar for å søkje om nedsetting av urimeleg høge gebyr.»*

I Kolstad sin klage av 13.04.2018 ble det bl.a. anført at:

*«De fakturaene søker/tiltakshaver har mottatt i nærverende sak fremstår samlet sett som urimelig høye.»*

Til ovennevnte bemerker fylkesmannen at:

*«Me rår difor kommunen til å vurdere og endre regulativet og vurdere å handsame klaga som ein søknad om nedsetting.»*

Jeg kan ikke se at Lindås kommune, i sitt brev av 02.05.2018, omtaler klager sin anførsel om at gebyrregningen fremstår som «urimelig høy» og ber derfor om at kommunen treffer vedtak i så henseende  
.....»

## **Historikk**

Tiltakshavar ved Advokatene Ommundsen & Co klaga i skriv datert 13.04.2018 på fakturert gebyr knytt til avslag på søknad om frådelling av ny fritidseigedom på gbnr 18/7, jf. vedtak datert 26.02.2018. Søknaden var grunnlagt i at det fakturerte gebyret framstår som urimeleg høgt og at ein finn det vanskeleg å akseptera at kommunen tek gebyr for fleire søknader når nokon av søknadane ikkje lenger er aktuelle straks det er gitt avslag på ein av søknadane. I tillegg vart det tatt opp at kommunen har ei rettleiingsplikt overfor brukarane og burde ha informert om konsekvensar for gebyrfastsetjinga i saker som gjeld søknader om flerie ulike forhold slik at brukarane då har moglegheit for å søkja om dei ulike forhold kvar for seg og på denne måten kunne spara gebyrkostnader.

Kommunen tok ikkje klagen til følgje og klagen vart, i skriv datert 02.05.2018, oversend Fylkesmannen i Hordaland for endeleg handsaming. Fylkesmannen avviste klagen i skriv datert 21.06.2018 og rådde kommunen til å handsama klagen som ein søknad om nedsetting av gebyr.

## **VURDERING**

Gebyret som er fakturert i saka er gjeve med heimel i gebyr- og betalingsattsane som gjaldt for Lindås kommune i 2017. Gebyrforskrifta vart vedtatt av kommunestyret den 15.12.2016 i sak 106/16.

Det føl av føresegn 4.1 i gebyrforskrifta skal det betalast fullt gebyr ved avslag på søknad og av føresegn 4.3 at det skal betalast gebyr per dispensasjon som vert handsama.

Gebyrforskrifta for 2017 har inga føresegn som opnar for reduksjon av gebyr. Dette er endra i seinare gebyrforskrifter vedtatt for 2018 og 2019 der det er vedtatt eiga føresegn for dette med følgjande ordlyd:

*«Når særlege grunnar ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Når kommunen sitt arbeid med ein sak avviker vesentleg frå gjennomsnittleg sakshandsamingstid for sakstypen kan kommunen av eige initiativ redusere gebyret. Fastsetting av redusert gebyret skal skje ved enkeltvedtak.»*

Kommunen legg denne føresegna til grunn for vurdering av søknaden om redusert gebyr i delings-saka på gbnr 18/7.

Ordlyden særlege grunnar tilseier at det må liggja føre grunnar som gjer seg særskilt gjeldande i denne saka og at det ikkje er grunnar som normalt kan leggast til grunn i tilsvarande saker.

Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka og det er ikkje utøvd skjønsmessige vurderingar i samband med gebyrfastsetjinga. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnader knytt til den enkelte sakstype. Kommunen kan ikkje sjå at grunngevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr. Det er ingen spesielle forhold i denne saka som skil den frå andre saker der det vert søkt om dispensasjon og frådelling. Kommunen har handsama saka ut frå dei forhold som er omsøkt. Det vil undergrava gebyrregulativet dersom gebyr vert redusert i einskildsaker der grunngevinga for reduksjonen også vil kunne gjera seg gjeldande i andre saker.

Kommunen har ved utsending av førebels svar på søknaden, jf. skriv datert 01.11.2017, orientert om at gebyr vil bli fakturert i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Gebyrregulativet vart ikkje lagt ved skrivet og det vart ikkje gitt opplysningar om storleik på sakshandsamingsgebyret for omsøkt tiltak, men gebyrregulativet var tilgjengeleg på kommunen sine heimesider. Det at søkjar ikkje har hatt kjennskap til at det vert fakturert fullt gebyr sjølv om søknaden vert avslått, er beklageleg, men vil ikkje endra kommunen si vurdering av søknaden. På bakgrunn av dette kan vi ikkje sjå at det er lagt fram grunnar som tilseier at gebyret bør reduserast i denne saka.

## **VEDTAK**

**Kommunen kan ikkje sjå at det ligg føre særlege grunnar for å redusere gebyret. Søknad om reduksjon av gebyret vert avslått.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Advokatene Ommundsen & Co  
v/Knut Grini

Jacob Kjødes veg 15 5232

PARADIS